



Møteprotokoll for Råd for eldre og funksjonshemma

Møtedato: 20.03.2023
Møtestad: Formannskapssalen, Flodmaal
Møtetid: 09:00 - 11:00

Diverse orienteringar:

- Status flyktningar
- Status plan for oppvekst

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Anne Britt Almelid	SA	Nestleiar	
Inga Jorunn Nåmdal	SA	Utvalseiar	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Linda Helen Lundekvam		Medlem	

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Aslaug Farestveit		Varamedlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann		
Tonje Husum Aarland	Ass. rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2023	Godkjenning av møteprotokoll
003/2023	Referatsaker
004/2023	Orienteringssaker
005/2023	Turområde i Modalen kommune
006/2023	Kommunestyre- og fylkestingsvalet - Røystegjeving for eldre og funksjonshemma

Notat frå møtet:

001/2023: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

002/2023: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

003/2023: Referatsaker

Behandling:

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

004/2023: Orienteringssaker

Behandling:

- Fotpleiar
Rådsmedlem Anne-Britt Almelid orienterte kort om fotpleiar-tilbodet som har vore før pandemien. Det er ønskjeleg at ein undersøke å nytte frisørlokala i Mo til å ha ein fast dag med fotpleietilbod der. Anne-Britt undersøker vidare moglegheitene og tek kontakt med fotpleiarane og frisøren.

- Engasjere frivillig til matlevering frå Modalstunet
Det er ønskeleg å engasjere frivillige til å levere mat frå Modalstunet til dei som nyttar dette tilbodet. Det vert gitt ein godtgjersle for køyring.
- Status flyktningar
Det vart orientert kort om status for busetting og integrering av flyktningar i Modalen kommune.
- Status plan for oppvekst
Temaplan for oppvekst er under arbeid og det vil på neste møte i rådet i juni orienterast nærare om planen.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

005/2023: Turområde i Modalen kommune

Behandling:

Inga Jorunn orienterte om bakgrunn for saka og vurdering av behovet for å ruste opp stien på Otterstadsida langs elva frå Mo og oppover. Teknisk sjef Tone S. Skuggevik orienterte om moglegheiter for utbetring her. Det er også behov for utbetring på Øvre Helland langs elva der. I planen for "Leve heile livet i Modalen" er det mellom anna vist til vurdering av behov for sittebenker langs stiar.

Administrasjonen vil følgje dette vidare opp og kome med tilbake med statusorientering i neste møte. Det vart vidare orientert om status for stien ved Dagsturhytta og denne er under oppfølging jf. vedteke investeringsbudsjett for 2023.

Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

006/2023: Kommunestyre- og fylkestingsvalet - Røystegjeving for eldre og funksjonshemma

Behandling:

Leiar for kundetorget, arkiv, m.fl. Lin Tove Thomassen orienterte nærare om røystegeving og planane for gjennomføring av val. Saka vert lagt fram for rådet for eventuelle innspel til korleis vi kan tilrettelegge for gjennomføring av val på ein måte som tek omsyn til alle innbyggjarar.

Rådet drøfta informasjon og transport som viktig å vurdere særskilt i praktisk tilrettelegging for

gjennomføring av val.

Vedtak:

Råd for eldre og funksjonshemma tek saka til orientering.
